

**Eid ungdomsskule**

**EKSAMEN & STANDPUNKT**

**Mars 2026**



# Skriftleg eksamen

- Onsdag 13.mai kl. 09.00: Informasjon om trekkfag
  - Elevane kjem opp i enten norsk, engelsk eller matematikk
- Tysdag 19. mai: Førebuingsdag engelsk
- Onsdag 20. mai: Eksamen i engelsk
- Førebuingsdag norsk
- Torsdag 21.mai: Eksamen i norsk hovudmål
- Fredag 22.mai: Eksamen i norsk sidemål
- Førebuingsdag i matematikk
- Måndag 25. mai: 2. pinsedag
- Tysdag 26.mai: Eksamen i matematikk

**Førebuingsdag:**  
**Lokal plan.**  
**IKKJE tema eller**  
**teksthefte**

**Vanleg skule på dei**  
**som ikkje har**  
**førebuing eller**  
**eksamen.**

Unntak: fritak i sidemål

## Engelsk, norsk hovudmål og norsk sidemål

- Digital eksamen.
- Skrive lokalt på PC – lever digitalt – udir.

## Matematikk

- Delprøve 1 utan kalkulator/hjelpemiddel – papir - 2 timar  
Hefte – Adm scannar og leverer.
- Delprøve 2 med alle hjelpemiddel tillatne, tilgang til avgrensa utval nettbaserte hjelpemiddel
- Stor fridom med tanke på føring og bruk av hjelpemiddel
- Obligatoriske dataoppgåver – nei
  - Rekneark - Excel
  - Grafteiknar – GeoGebra
  - Koding

# Klage på skriftleg eksamen

Ein elev som er misnøgd med karakteren, kan klage i tråd med desse kriteria:

- Eleven må klagen innan ti dagar etter at karakteren er gjort til kjenne.
- Eleven bør rådføre seg med ein lærar før han/ho klagar
- Eleven må levere klagen skriftleg
- Eleven treng ikkje grunngje klagen
- Eleven må skrive under på klagen
- Eleven skal levere klagen til skulen

Resultatet av klagen kan vere at eleven beheld karakteren, eller at eleven får ein betre eller dårlegare karakter. Skulen informerer eleven om resultatet av klagen.

# Munnleg eksamen

- Datoar:
  - Pulje 1
    - informasjon måndag 8. juni kl. 09:00
    - førebuingdag tysdag 9. juni
    - eksamen onsdag 10. juni
    - (Vanleg skule torsdag og fredag)
  - Reservedag:
    - Pulje 2
      - informasjon onsdag 10. juni kl. 09:00
      - førebuingdag torsdag 11. juni
      - eksamen fredag 12. juni
      - (vanleg skule måndag og tysdag)
- [Les meir om munnleg eksamen her](#)

## Aktuelle fag

- Norsk
- Engelsk
- Matematikk
- Naturfag
- Samfunnsfag
- KRLE
- Framandspråk (tysk, fransk, engelsk fordjuping)
- Arbeidslivsfag

# Munnleg eksamen

- Elevane skal gjennomføre munnleg eksamen med ein obligatorisk førebuingssdel, der elevane trekkjer/får tema eller problemstilling (ved start førebuingssdag)
- Elevane kan/skal førebu ein presentasjon i tilknytning til tema/problemstilling.
- Eksamen kan ikkje gjennomførast på måndagar eller første dag etter høgtidsdag
- [Reglar for munnleg eksamen.](#)

## Tidsfristar

- Eleven får vite kva fag han/ho har kome opp i 48 timar før eksamen
- Tema eller problemstilling for eksamen blir gitt 24 timar før eksamen
- Under eksamen skal eleven presentere temaet/problemstillinga som er førebudd

# Hjelpemiddel

- Under eksamen kan eleven berre nytte egne notatar knytt til den førebudde presentasjonen. t.d. PowerPoint

# Førebuing

- Førebuingdag er obligatorisk skuledag
  - Ved fråvær, må ein framvise legeattest
- Eleven kan bruke alle hjelpemiddel
- Eleven vil få rettleiing av lærar
- Elevane vil få rettleiing i å sjå samanhengen mellom temaet/problemstillinga og læreplanen for faget.

# Ulike modellar for munnleg eksamen

- Individuell eksamen
  - Eleven kan lage ein presentasjon av eit tema.
  - I presentasjonen kan han/ho bruke IKT, lysark, bilete, video m.m.
  - Eksamenstid: 30 minutt pr. elev.
  - Eksamen kan td. gjennomførast slik:
    - Presentasjonen bør ikkje vere på meir enn 1/3 av tida, 10 min.
    - Ein har så 10 min. til samtale om innhaldet i presentasjonen,
    - og vidare 10 min til utdjupande samtale knytt til temaet.
- Pareksamen
  - Som skissert over, men med dobbel tidsbruk
  - individuell vurdering

# Munnleg-praktisk eksamen

<https://www.udir.no/eksamen-og-prover/eksamen/muntlig-praktisk-ny-eksamensform-for-10.-trinn/>

"Vise kunnskap ved å gjere/vise noko praktisk":

- **Naturfag, matematikk og arbeidslivsfag.**
- Spesielt:
- 45 minutt pr. elev
- Tilgang til relevante hjelpemiddel
- Presentasjon er aktuelt (frivillig), men blir ikkje rekna som ein del av det praktiske innslaget.
- Elevane skal før eksamen vere kjent med kor stor del av eksamen som skal vere praktisk.
- Par - Vurdering på individuelt grunnlag.

## Vurdering av eksamen

- Presentasjonen bør ikkje utgjere meir enn 1/3 av eksamenstida
- Førebuingdelen er ikkje ein del av vurderingsgrunnlaget
- Presentasjonen er ein del av vurderingsgrunnlag
- Karakter skal setjast på grunnlag av kompetansen eleven viser på sjølve eksamen
- Individuell vurdering

## Frist for val av modell

- Elevane må velje modell før påske – elevane vel på skulen.
- Kan velje ulik modell i ulike fag.
- Kan velje å gå opp til eksamen i par i nokre fag, og ev. åleine i andre fag.
- Må ha same makker.
- Unntak: Framandspråk og arbeidslivsfag
- NB – må rekne med at ein uansett kjem opp åleine (om oppsettet ikkje går opp).

(Generell anbefaling frå skulen er individuell).

## Munnleg eksamen – klage.

Dersom ein eller fleire av partane har innvendingar mot gjennomføringa av eksamen, skriv rektor protokoll om tilhøvet, og dei involverte partane skriv under protokollen.

Ved lokalt gitt eksamen (munnleg eksamen) kan det berre klagast på formelle feil som kan ha hatt innverknad på resultatet.

## STANDPUNKTKARAKTER

“Sluttvurderinga skal gje informasjon om kompetansen til eleven ved avslutninga av opplæringa i fag”

### SAMLA VURDERING

Alt fram til standpunkt er undervegsvurdering

- I faga – all vurdering som blir gjort.
- Årsplanar i dei ulike faga – <https://stad.kommune.no/EUS>
- Læreplanar i faga - udir.no
  - relevans, verdier, kjernelement, tverrfaglege tema, grunnleggjande ferdigheiter, kjenneteikn på måloppnåing.
- Informasjon på foreldremøte på hausten, utviklingsamtalar, eigenvurderingar, halvårsvurderingar, fagsamtalar ++.

## 2025 – Prosess i høve standpunkt og eventuell klage.

- Veke 20/21 - Elevane har samtale med faglærer i høve karakter – Karaktersamtale/vurderingssamtale
  - Er det noko som er uklart no – ta kontakt via K-lærer
- 28. mai – Elevane blir informert om prosess - standpunkt, grunngjeving og klage.
- 29. mai - Standpunkt publisert i Vigilo – Foreldreportal og elevportal.
- Frist for å be om grunngjeving – 10 dg. --> 8. juni (måndag) – (helst rask tilbakemelding – skriftleg).
- Grunngjeving blir utarbeida av faglærer.
- Grunngjeving blir sendt heim.
- 10 nye dagar til å vurdere om ein vil klage.
- Klage
  - Klagen må vere skriftleg og underskriven av deg og/eller foreldra dine. Er du under 15 år, må foreldra samtykke til klagen.
  - Skriv gjerne litt om kvifor du klagar.
  - Klagebehandlinga kan føre til at karakteren blir ståande, at karakteren blir sett opp eller at karakteren blir sett ned.
- Ikkje klage – treng ikkje gjere noko (10dg.), men fint om skulen får ei tilbakemelding.

# Standpunktkarakter

## Til deg på ungdomstrinnet

*Du kan klage på standpunktkarakterane du får på ungdomsskulen, dersom du meiner at reglane for å sette standpunktkarakter ikkje er følgde. Dei fleste standpunktkarakterane får du på slutten av 10.trinn. I nokre fag kan du få standpunktkarakter tidlegare, slik som i valfag og mat og helse.*

### **Kva er ein standpunktkarakter?**

Ein standpunktkarakter er den avsluttande karakteren du får i faget. Standpunktkarakteren skal vise den samla kompetansen du har i faget. Det er standpunktkarakteren som kjem til å stå på vitnemålet ditt frå ungdomsskulen.

# Kva gjer Statsforvaltaren i saka?

Dersom du klagar på standpunktkarakteren, vil Statsforvaltaren sjå på om skulen har følgd reglane som gjeld for fastsetting av standpunktkarakter.

Du finn meir informasjon om dette på våre nettsider ([www.statsforvalteren.no/vestland/](http://www.statsforvalteren.no/vestland/)) og nettsidene til Utdanningsdirektoratet ([www.udir.no](http://www.udir.no)).


## Litt anna:

Informasjon om eksamen og standpunkt på skulen si heimeside:

<https://stad.kommune.no/tenester/skule-og-barnehage/skule-og-opplaring/skulane-i-stad/grunnskule/eid-ungdomskule/eksamen/>

Loverk i høve vurdering i grunnskulen

- [Forskrift til opplæringslova – kapittel 9, Individuell vurdering](#)



# Fritak og tilrettelegging

Fritak for vurdering med karakter – (fritak for vurdering med karakter gjev automatisk fritak frå eksamen i aktuelt fag – treng ikkje søkje.)

- [Opplæringsforskrifta, kap. 9 - §9-18 → §9-24](#)
- Søknad til rektor – NB dokumentasjon om skulen ikkje har dette.
- Søknadsskjema: Stad.kommune.no/sd – [lenke direkte til skjema.](#)

## Særskild tilrettelegging under eksamen – forskrift §9-34.

- Søknadsskjema: Stad.kommune.no/sd – [lenke direkte til skjema.](#)  
Mest vanleg - Utvida tid – opp til 1 time  
Matematikk del 1 – 2t + 25 min. Totalt på heile eksamen = 5 + 1 time.

---

## Sletting av fråvær

– opplæringsforskrifta §9-53

Eige søknadsskjema frå skulen (papir). Legg ved eventuell dokumentasjon.

Ein elev kan krevje at opp til ti fråværsdagar i løpet av eit skoleår ikkje blir førte på vitnemålet eller kompetansebeviset, dersom det blir lagt fram slik dokumentasjon som er nemnd i [§ 9-8 andre](#) og [tredje ledd](#).

Fråvær på grunn av sjukdom eller andre helseforhold må ha vart i meir enn tre dagar for ikkje å bli ført på vitnemålet eller kompetansebeviset, og det er berre fråværet frå og med den fjerde dagen som kan strykast. Dersom ein elev har ein dokumentert høgare risiko for helserelatert fråvær, kan fråværet likevel strykast frå og med den første fråværsdagen.

# Så til slutt – Avslutningsfest for 10. trinn.

**Operahuset – torsdag 18. juni, frå kl 1800.**

- **Avslutning i Operasalen – program og vitnemål.**
  - Familie – foreldre, søsken, besteforeldre ++
- **Festmiddag i Foaje, Operahuset.**
  - Elev, far og mor – Påmelding.
  - Organisering, mat og hjelp – ved foreldra
    - Melder seg ved påmelding.
    - Meld på så mykje som mogleg, arbeidet blir fordelt av klassekontaktane.
  - Digitalt skjema for påmelding kjem ut seinare
- **Diskotek for ungdomane i Gymmen til kl. 01:00**